



Reglar for utleige /utlån av barnehage- og skulebygg i Sande kommune

1. Skulane og barnehagane i Sande kan lånast/leigast ut til aktivitetar som ikkje er til hinder for undervisninga eller er i strid med skulen eller barnehagen si målsetjing.

2. Lokala bør først og fremst nyttast til tiltak for barn og unge, til kursverksemd, og til ymse musikk og idrettsaktivitetar. Lokala skal i regelen ikkje nyttast til salsverksemd, reklame eller liknande.

Inntektsgjevande arrangement til ideelle føremål vert ikkje rekna som salsverksemd.

3. Det skal ikkje krevjast leige for bruk av lokala i samband med:

- A. 1. Song-, musikk- og idrettsøvingar.
2. Religiøse, kulturelle eller politiske møte som ikkje er inntektsgjevande.
3. Tilskippingar der skulen sjølv står som arrangør.
4. All dokumentert kursverksemd som kjem innunder vaksenopplæringslova.

Det skal krevjast leige for bruk av lokala til:

- B. 1. Tilreisande og lokale teater-, revyframсыningar eller liknande
2. Basarar, marknader i lokal regi eller sosiale, religiøse, kulturelle eller politiske føremål.
3. Privat undervisningsverksemd.
4. Andre inntektsgjevande samkomer.

Leigesatsane under pkt. B1, B2 og B4 vert sett til 15% av brutto inntekt avgrensa til Kr 1.000,- pr. dag/kveld. Takst for utleige under pkt. B3 er kr 100,- pr. kveld, eksl. reinhald.

Ved bruk av skulen til gravferd, bryllaup eller leirstad er leiga kr. 500,- pr. døger.

Bruk av kjøkken er då inkludert. Ved utleige som ikkje kjem inn under ovannemnde, vert leiga å fastsetje i samråd med SU ved kvar skule.

Kommunestyret kan til ei kvar tid fastsetje satsar for utleige.

4. Undervisningsutstyr, bortsett frå gymnastikkutstyr i sal, skal til vanleg ikkje lånast ut.

Dersom utlån likevel finn stad, får samarbeidsutvalet fullmakt til å fastsetje leige.

Su/ Einingsleiar skal utarbeide satsar på utstyr som kan utleigast.

Denne innkoma disponerer skulen til reperasjonar og vedlikehald av slikt utstyr.

5. Samarbeidsutvalet står for utleige/utlån, og kan gje utfyllande reglar for bruken av roma. Einingsleiar /styrar får av SU delegert utleigeansvar.

6. Søknader til samarbeidsutvalet må innehalde fylgjande:

- A. Kva lag/gruppe som vil nytte skulen.
- B. Føremålet med bruken.
- C. Kva rom ein ynskjer å nytte
- D. Namnet på ansvarleg leiar (minst 18 år)
- E. Dokumentasjon på at evt kursverksemd kjem inn under vaksenopplæringa.

7. Bame- og ungdomsgrupper må alltid ha ein vaksen leiar (minst 18 år) til stades.

8. Alle samkomer må vere slutt så tidleg at romet kan gjerast bruksklart til neste dag.

9. Det skal setjast opp ein plan over den verksemda det vert lånt ut rom til gjennom lengre tid. Eit slikt oversyn bør omfatte:

- A. Dagar og klokkeslett
- B. Namn eller nr. på utlånt rom
- C. Namn på laget eller gruppa
- D. Namn på ansvarleg leiar

Planen bør vere oppslått på lærarromet /Personalromet. Den bør og sendast grupper som nyttar skulerom over lengre tid, og til den som har ansvaret med å låse opp og stengje skulen.

10. Samarbeidsutvalet arbeidar ut ordensreglar som inneheld desse punkta:

- A. Forbod mot å nyte alkohol på skuleområdet.
- B. Forbod mot røyking i undervisningsroma.
- C. Påbod om varsemd med rom og innbu.
- D. Leigaren sitt ansvar for ro og orden på området.
- E. Erstatningsplikt ved skader som ikkje skuldast vanleg slitasje.
- F. At leigeavtalen kan seiast opp på kort varsel dersom ikkje ordensreglane vert fylgde.

11. Einingsleiar/ styrar/vaktmeister ser til at reinhaldet vert utført i samsvar med dei reglar som til ei kvar tid gjeld.

12. Einingsleiar/ styrar syter for at eventuelle leigeinntekter, vert sendt kommunekasseraren.

13. Ved overnatting i skulebygg/ barnehagebygg :

- Det skal vere våken nattevakt/ nattevakter (antall vurderast i kvart tilfelle). Ein av desse skal spesielt ha overordna ansvar for brann og sikkerhet.
- Det skal av einingsleiar/ brannvernleiar informerast spesielt om rutiner rundt brannvarsling og sløkkemogelegheiter.
- Det skal utplasserast nødvendig antall sløkkeutstyr i bygget
- Det skal i kvart tilfelle oversendast til Sande brannvern plan for gjennomføringa av overnattinga knytt til punkta over

Ved unormal drift utover arbeidstid :

- Einingsleiar har ansvaret for informasjon rundt rutiner vedr. brannvarsling og plassering av sløkkemidlar i bygget. Nødvendigheta av ekstra vakt skal vurderast i kvart tilfelle av einingsleiar

Vedteken av Sande kommunestyre den 29. april 2008, sak K-30/08.